



Olafia Zoega

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/844 - 16/22661

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
14.12.2016

Godkjenning - GBNR 23/567 - Endring av VA-rammeplan / utomhusplan

Administrativt vedtak. Saknr: 396/2016

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søker: Tysseland Arkitektur AS, org nr 942 389 000
Søknadstype: Søknad om endring av løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar Boligbygg Vest AS, søkt om endring av løyve for opparbeiding av vatn- og avlaupsleidningar for Elvaåsen, gbnr 23/567.

Rammeløyve for utomhusanlegg er gitt i administrativt vedtak 123/2016, dagsett 18.05.2016.

VURDERING:

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for Elvaåsen - planid 12562011003 - avsett til bustadområde. Omsøkt tiltak er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Endringssøknaden blei nabovarsla 29.11.2016. Det er ikkje motteke merknader.

Plassering og utforming av VA-anlegget:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

VA-anlegget blir godkjent plassert og utforma i samsvar med vedlagt utomhusplan (før og etter utbygging) og situasjonsplan/teknisk plan.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4, søknad om endring av løyve til opparbeiding av VA-anlegg for Elvaåsen, gbnr 23/567, i samsvar med søknad journalført motteke 25.11.2016. Tiltaket skal plasserast og utførast i samsvar med vedlagt utomhusplan og situasjonsplan/teknisk plan.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova og avsluttast med søknad om ferdigattest, jf pbl § 21-10. Det blir elles vist til vilkår og føresetnader i rammeløyvet av 18.05.2016.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

H003 VA-rammeplan final
H010